



ULEFOSS ROTARY KLUBB

REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
22. februar	2018	Liv Sonja Flolid

Desse møtte: Hans Petter, Mathias, Monica, Svein Tore, Per S, Irene, Ola V, Øystein, Per H, Ragnar, Kolbjørn, Egil, Odd, Asbjørn og Liv Sonja.

Dagen i dag – 22. februar

[Peters stol](#): Kirkelig festdag. Blir også kalt første vårdag.

Navnedag: Tina og Tim

Det skjedde 22. februar

- 2011: Seilbåten «Berserk» forsvant i Antarktis.
- 2002: NRK sendte første norske finale i Melodi Grand Prix Junior.
- 1975: I en [togulykke på Tretten](#) i Gudbrandsdalen omkom 37 mennesker.
- 1961: Verdens nordligste fjellheis ble åpnet i Tromsø.
- 1946: [Samferdselsdepartementet](#) ble opprettet.
- 1936: Skuespilleren [Henny Moan](#) ble født.
- 1933: Advokaten [Tor Erling Staff](#) ble født.
- 1931: Forfatteren [Georg Johannesen](#) ble født.
- 1862: [Hulda Garborg](#) ble født.
- 1857: [Speiderbevegelsens](#) grunnlegger, [Robert Baden-Powell](#), ble født.
- 1732: [George Washington](#), USAs første president, ble født.

Sitatet

- Det er et moment av ufølsomhet i all lykke. Gå bare til et forelsket par med dine sorger, så skal du se! ([Hans Børli](#))
- Hermed hylder jeg uten forbehold VÅREN som det eneste effektive middel mot sne! ([André Bjerke](#))

Bursdag

Knut N hadde fødselsdag denne dagen. Han fylte 65 år.

Treminutt

Per H hadde dagens 3-minutter. Han orienterte om programmet framover. Blant anna blir det fellesarrangement om emnet «brynesteinsindustrien i Telemark», saman med historielaget og Øvre verkets venner, for å nemne noko. Datoen for dette er **5. april, og staden er Spiseriet på Øvre Verket, klokka 19.00**. Merk klokkeslettet!

Dessutan: OBS! **Presidentskiftet** er sett til **torsdag 21. juni!**

Anna nytt

Helga 9. – 10.mars er det PETS-samling på Strand Hotell Fevik. Innkomande og president deltek.

Prosjektor-handel: Ola Vea orienterte om eit mislukka kjøp med forviklingar.

Mathias

Dagens høgdepunkt var Mathias Sørby Haugen sitt EGO-foredrag, sjå vedlegget. Han heldt eit interessant innlegg, og det var imponerende å høyre kva denne unge mannen alt har vore med på, både når det gjeld utdanning og arbeidsliv, kan hende særleg det siste. Kameratskap og fritidsaktivitetar er det heller ikkje nokon manko på. Og det er lett for oss i klubben å skjønne at denne guten har mange vener.

Her kjem nokre punkt:

- **Utdanning:** Født i Porsgrunn 23.11.1988, son av Øystein og Heidi, som vi kjenner godt. Oppvaksen på Ulefoss, med skulegang her og i Bø, seinare i Porsgrunn, der han tok utdanning i maskinteknisk design (bachelorgrad). I 2011 gjekk vegen til universitetet i Oslo, der han studerte anvendt matematikk og mekanikk. [Masteroppgåva skreiv han om plateknekking til skipsskrog](#), mens han hospiterte hos Det Norske Veritas på Høvik.
- **Sport og spel:**
 - Fotball i USF frå 1995 – 2014 – keeper store deler av «karrieren». A-laget – to krinsmeisterskap (5. og 4. divisjon), og 3. divisjon som høgste nivå.
 - Handballkeeper i USF frå 1999-2003. 2. plass for gutelag i Telemark
 - Ski i USF – lyscuprenn
 - Golf Norsjø Golfklubb frå 1996 og vidare. 3. plass i juniormeisterskapen 1999, juniormester 2000. Spelar framleis golf – forhåpentlegvis meir og meir!
 - Ulefoss Sportsforening: Leiar av hovedforeininga 2008 og 2009. Kasserar i fotballgruppa 2015 og 2016, kasserar i hovedforeininga frå 2016, noko han framleis er
 - Sykling brukast som trim: Kanalrittet frå Kviteseid til Lunde fire gonger. Telemark Tours frå Bø til Skien tre gonger
- Deltidsjobbar ved sidan av skulegang frå 16 årsalder: Meny Ulefoss, Tusenfryd kiosk, miljøarbeidar ved Eidsbygda Bufellesskap, slusevaktar ved Telemarkskanalen, og sjåfør ved Ulefoss Taxisentral. Det siste var ein variert og fargerik jobb, der han mellom anna ufrivillig fekk vere del av eit skilsmisseoppgjer, som «koffertuppsamlar».
- Kjøpte tomt på Berget våren 2013, bygging frå november 2013, innflytting St. Hans 2014

Mathias har etter fullført utdanning vore både dyktig og heldig med – og i – arbeidslivet. Her er nokre døme:



Mathias – ein ung og lovande medlem!

- [5D Engineering / AF-Gruppen](#) 2013 (januar til desember): Strukturingeniør – strukturanalyse. Oppgaver: Offshore konstruksjonar – teikning og berekning. Dimensjonering av strukturstål til bl.a. Gullfaks C, Balder FPSO, Troll A, Oseberg øst, og for tromlar til utlegging av undervassleidningar – med diameter 12 meter (!)
- [Bilfinger Industrial Services Norway AS](#) 2014: Senior mekanisk ingeniør. Dette er landbasert industri. Oppgaver: Prosjektering, prosjektleiing, anleggsleiing, saksbehandling, teikning og berekning. Prosjekter: Mellom anna
 - Prosjekt- og anleggsleiing i to trinn i samband med utbygging av kjøleanlegg til [Green Mountain Data Center Rjukan](#)
 - Prosjekt- og anleggsleiar på forskjellige vedlikehaldsoppdrag på [Ulefos Jernværk](#), i drift og under revisjonsstans
 - Berekningar av konstruksjonsdeler for vasskraft, luke, sjakter, rør, osv.
 - Prosjektleder og anleggsleder under revisjonsstanser ved [Yara](#) sine fabrikkar på Herøya
 - Berekningar av konstruksjonsdeler – trekkeverktøy til offshore kompressortog (sjå tekstboks om gasskompresjon)
 - Utleigd til Yara Project Office frå november 2015 til oktober 2017. Arbeidsfelt: Utbygging av Yara fabrikkar, Bamboo-prosjektet. Lead Mechanical Engineer og Lead Discipline Engineer for eitt av tre område her.
 - Oppbygging av Yaras Ammoniakkfabrikk etter brannen i april 2017 - assisterande rør- og mekanisk ansvarleg
- **Fritid og reiser:**
 - Båt, og hytte ved Norsjø
 - Toppturar på Ulefoss
 - Sydenturar – Kanariøyene, Rhodos, Kreta og Tyrkia
 - Fotballturar til England
 - Turar til USA og Karibia: Las Vegas, Hoover Dam, Grand Canyon, New York, Los Angeles, Squaw Valley, San Francisco, Washington DC, Daytona Beach, Miami, cruise i Karibia (Bahamas – Cozumel – Costa Maya)
 - Planlagde turar i 2018: Riga, Verona og Venezia, London, USA – turné [Chicago – Detroit – Nashville – Memphis – New Orleans – Panama Beach – Atlanta – Orlando – cruise i Karibien (St. Maarten – Haiti – Puerto Rico)]

Gasskompresjon

- Kompresjonsprosessen er nødvendig for å øke trykket før gassen kan sendes inn i rørledningen til Åsgard B.
- Kompresjonsenheten består av to tørrgasskompressorar, to pumper, to væskeutskillerar og fire kjølere.
- Ved å plassere kompressoren nærmest mulig brønnehodet vil man kunne produsere mer gass ut av brønnen. Dette fordi sugetrykket til kompressoren vil være lavere enn ved installasjon oppe på en plattform.
- Når gassen komprimeres får den nok trykk til transporten vidare til plattformen. På Åsgard- og Ormen Lange-feltene er planen å bruke en konvensjonell kompressor.
- Her tas fuktigheten ut av gassen før den komprimeres på havbunnen.

Kilde: Statoil

Med ei slik merittliste i ein alder av knapt 30 er det grunn til å sjå framover med forventingar, ikkje minst for oss, både i Ulefoss rotaryklubb og i Rotary generelt. Vi gler oss!

Og etter dette var det trekning. Monica vann vinen, og nappet fekk Odd! Gratulerer!